



Sirdal kommune

Sinnes skule

DYKKAR REF: VÅR REF: SAKSHANDSAMAR: ARKIVKODE: DATO:
16662/2016 - 2007/1593 Åse-Berit Fidjeland A20 15.11.2016

REFERAT MØTE I SU 15.11.16

Sak 6/16: Ev. skuleruta 2017/2018
Høyringskrivet kom ikkje, så saka kjem opp 17. januar.

Sak 7/16: Anna
Leiaren i FAU og SU ville gjerne at SU sa noko til rådmannen sitt budsjettforslag for 2017-2020, noko alle medlemmene var samde i. Rektor refererte kort frå rådmannen si innleiing og las opp "Tiltak for å balansere og styrke kommunens driftsresultat" - punkt 11 (s. 27) og "Tiltak for å balansere og styrke kommunens driftsresultat - Andre tiltak - utredninger" - punkt 2 (s. 28) sidan dette omhandla Sinnes skule spesifikt.

Sinnes SU har desse innspela til

- 1) "Tiltak for å balansere og styrke kommunens driftsresultat" - punkt 11 (s. 27):
Elevane i 9. klasse ynskjer ikkje å reisa saman med Tonstad skule på felles skuletur våren 2018, for dei har ikkje vore så mykje saman i skulesamanheng. Foreldrerepresentantane legg vekt på at på Sinnes skule er dette ein avslutningstur etter ti år saman som dei har samla inn pengar til i fellesskap både elevar og foreldre. Det bind elevar tett saman å arbeida mot eit felles mål, og det bind foreldra tett saman, og er "vanvittig viktig for det sosiale miljøet", som Arne Tjørhom seier. I tillegg er det naturleg at klassen får velja reisemål sjølv, sidan dei har jobba inn pengane.

Under planlegginga av turen lærer elevane å leggja opp turen både ved å utarbeida eit fagleg program og å setja opp budsjett, samstundes som dei har fagleg og språkleg (engelsk) utbytte av sjølve turen. Alle SU-medlemmene er samde om at budsjettsummen pr. skule blir som "ei pølse i slaktetida".

- 2) "Tiltak for å balansere og styrke kommunens driftsresultat - Andre tiltak - utredninger" - punkt 2 (s. 28):
Det er ein positiv tanke å ha eit oppvekstsenter i Øvre Sirdal, og det kan vera at ein sparar noko på å sjå barnehage og SFO i samanheng, men det krev betydelege investeringar i ombygging av Sinnes skule om alle grupper skal få eit optimalt tilbod. Å samkøyra barnehage og SFO kan utvatna tilbodet til begge grupper, m.a. pga. aldersforskjell. Det krev meir plass enn me har tilgjengeleg i dag, og barnehage bør vera lokalisert i kvart sitt bygg pga. ulike behov.

Uteområdet er ikkje tenkt som eit leikeområde for ungar frå 12/18 månader til 16 år, for dei har ulike behov, og me ser med gru for oss

vinteren med tanke på småbarn og takrasproblematikken som er ei tilbakevendende sak.

Konklusjonen vert at ein nok kan spare inn på personale, men at ei ombygging vert betydeleg med dei kostnader det medfører.

Åse-Berit Fidjeland
Skrivar Sinnes SU